

## Radøy kommune

### Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
048/2016	Formannskapet i Radøy	PS	11.05.2016
027/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	19.05.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	16/837	16/5760

### Kommunal garanti for lån - Aufera AS

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Det ligg føre skriftleg søknad frå Aufera AS om kommunal garanti for lån stort kr 2.000.000,- signert av dagleg leiar og styreformann.

Aufera AS er ei godkjent VTA-verksemd, eigd av Austrheim kommune (37%), Fedje kommune (16%) og Radøy kommune (47%).

Aufera AS har i dag eit lån i Sparebanken Vest på kr 1.965.000 med effektiv rente 5,44%. Månadleg lånekostnad er kr 30.000,- grunna heller kort nedbetalingstid. Styret i Aufera AS ønskjer å flytte lånet til Kommunalbanken, der ein vil få kommunale lånevilkår med rente på 1,95%. Dette fører til ein vesentleg kostnadsreduksjon for verksemda.

#### Vurdering

Aufera har stram økonomi. Selskapet har mista APS-plassar (Arbeidspraksis i Skjerma Verksemd) grunna nye retningsliner frå NAV. Det er også lågare aktivitet i regionen, noko som har medført reduksjon i vaskeridrifta. Styret har sett i verk tiltak for å redusera kostnadsnivået og auka inntektene.

Reduserte lånekostnader er eitt av tiltaka, og kommunal garanti gjer det mogeleg å ta opp lån i Kommunalbanken. Dette vil gje ei innsparing i rentekostnader på om lag kr 70.000 første året, avtrappande etter kvart som lånet vert betalt ned.

Lånet vil ha pant i eigedomen gnr 45 bnr 91 i Radøy kommune. Grunnlaget for eigedomsskatt på denne eigedomen vart sett til kr 3.519.000 ved takseringa i 2009. Som utgangspunkt skal takstgrunnlaget for eigedomsskatt ikkje vera høgare enn pårekna salsverdi av eigedomen. Lånet vil såleis utgjera om lag 56% av grunnlaget for eigedomsskatt, og dermed godt innafor normale rammer for sikkerheit.

Det at selskapet er eigd av tre kommunar betyr ikkje at alle tre kommunane må gi garanti. Det er tilstrekkeleg at Radøy som største eigar gir garantien. Dersom selskapet på eit seinare tidspunkt skulle bli avvikla, er det ein teoretisk risiko for at Radøy kommune kan måtta dekka mogeleg rest på lånet etter sal av eigedomen. I kva grad Radøy kommune kan krevja høvesvis dekning av eit slikt mogeleg tap frå dei andre deltakarkommunane er usikkert. Uansett vurderer rådmannen risikoen for

tap som svært låg.

Aufera søkte også i 2008 om kommunal garanti for lån, men den gongen ville Fylkesmannen i Hordaland ikkje godkjenna garantien, fordi Aufera vart vurdert på line med ordinære næringsverksemder. Kommunar har ikkje høve til å gje garanti til næringsføremål.

Fylkesmennene har dei seinare åra enda litt på vurderinga av VTA-verksemder, og det er no grunn til å tru at Fylkesmannen vil godkjenna ein kommunal garanti for lån.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at Radøy kommune gir kommunal garanti overfor Aufera AS for lån kr 2.000.000 i Kommunalbanken.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune gir kommunal garanti for lån i Kommunalbanken til Aufera AS, med inntil NOK 2.000.000. Garantien vert gitt som sjølvskuldnarkausjon. Løpetida for garantien er maksimalt 20 år. Garantien skal nedskrivast kvart år til restsaldo ved årsskiftet. Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.

### **Formannskapet i Radøy - 048/2016**

#### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

Radøy kommune gir kommunal garanti for lån i Kommunalbanken til Aufera AS, med inntil NOK 2.000.000. Garantien vert gitt som sjølvskuldnarkausjon. Løpetida for garantien er maksimalt 20 år. Garantien skal nedskrivast kvart år til restsaldo ved årsskiftet. Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.

### **Kommunestyret i Radøy - 027/2016**

#### **KS - handsaming:**

På grunn av verv i styrande organ i Aufera vart Else Marie Skartveit Dale, (KrF) Morgan Taule (Ap) og Kirsti Gjetle Floen (Ap) kjend inhabile, og dei deltok ikkje i handsaminga av saka.

Rådmann Jarle viste til at Fylkesmannen i Hordaland vurderer at det er god sikkerheit ved at lånegjevar har pant i bygning. Rådmannen ser det som hensiktsmessig at ein av eigarkommunane stiller kommunal garanti for lånet. Han ser det som naturleg at dei andre medeigarane stiller opp og tar sin del av ansvaret dersom det skulle bli aktuelt. Rådmannen informerte om at han har fått tilbakemelding frå rådmennene i kommunane Austrheim og Fedje om at dei vil reisa politisk sak om å forplikta seg til å dekka sin del av eit mogleg tap.

*Leif Taule (SP) sette fram følgjande tilleggsframlegg:*

Radøy kommune tek initiativ overfor dei andre eigararkommunane - Austrheim og Fedje kommunar, for å få på plass ein avtale om fordeling av garantiansvaret mellom dei tre eigarkommunane basert på kommunane sin eigardel i selskapet.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding med tilleggsframlegg frå Leif Taule (SP).

**KS - vedtak:**

Radøy kommune gir communal garanti for lån i Kommunalbanken til Aufera AS, med inntil NOK 2.000.000. Garantien vert gitt som sjølvskuldnarkausjon. Løpetida for garantien er maksimalt 20 år. Garantien skal nedskrivast kvart år til restsaldo ved årsskiftet. Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.

Radøy kommune tek initiativ overfor dei andre eigararkommunane - Austrheim og Fedje kommunar, for å få på plass ein avtale om fordeling av garantiansvaret mellom dei tre eigarkommunane basert på kommunane sin eigardel i selskapet.